



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Formannskap

Møtested:	Formannskapssalen, 3. etg. Rådhus
Møtedato:	27.11.2014
Tidspunkt:	14:00 - 20:00

Til behandling: **Saksliste nr. 102/14 - 110/14**

Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)
AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)
BR - Einar O. Midtbø (Medlem)
SP - Asgeir Solheim (Medlem)
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

Varamedlemmer:

FRP - Sølvi Grov (Varamedlem)
SP - Reiel Fagerlid (Varamedlem)
V - Selma Strand Larsen (Varamedlem)

Forfall:

FRP - Hogne Bleie (Medlem)
V - Marit Sætren (Medlem)
KRF - Dag Almenning (Medlem)

Av 9 medlemmer møtte: 6. Totalt frammøtte: 9

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite, kommunalsjef Ove Aksnes og økonomisjef Norvall Bakke.

Representanten Einar Midtbø fra Bryggjalista, fikk permisjon kl. 17.30, og fratrådte møtet under behandling og før votering i sak 107/14.

Måløy 27. november 2014

Morten A. Hagen
ordfører

Linda A. Myhre Larsen
tjenesteleder Service

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
102/14	Godkjenning av møteprotokoll	
103/14	Referatsaker	
104/14	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø	
105/14	Nordfjord legevakt - utvida opningstid og endring av vaktordning	
106/14	Midlertidige skulelokale for Vågsøy Ungdomsskule	
107/14	Økonomiplan 2015 - 2018 og årsbudsjett 2015 Del 2 Handlingsdelen til kommuneplanen 2015 - 2018	
108/14	Vedtak handlingsprogram spelemidler 2015	
109/14	Møteplan 2015	
110/14	Reglement for politisk styring og delegering i Vågsøy kommune	

Spørsmål til ordfører:

FrP v/repr. Sølvi Grov stilte spørsmål om anbudsprosessen rundt valg av ny bedriftshelsetjeneste for Vågsøy kommune.

Ordfører Morten A. Hagen, rådmann Knut Ove Leite og økonomisjef Norvall Bakke orienterte.

Orienteringer:

Møte med Eid kommune om fremtidig kommunestruktur gjennomført 26.11.2014.

Fra Vågsøy møtte ordfører Morten A. Hagen, varaordfører Kristin Maurstad, rådmann Knut Ove Leite og formannskapsmedlem Edvard Iversen.

Fra Eid kommune møtte ordfører Alfred Bjørlo og varaordfører Gunvald Ludvigsen.

En ønsker en felles utredning i Nordfjord.

De 3 hovedmodellene en ser for seg er:

1. Hele Nordfjord i en felleskommune
2. 1 felleskommune for ytre og 1 felleskommune for indre
3. 1 felleskommune i indre, 1 felleskommune for midtre og 1 felleskommune i ytre

Det vil bli laget en skisse for mandat, denne vil en sende formannskapet for gjennomsyn.

Ekstraordinært formannskapsmøte 11.12.2014.

Det vil bli avholdt ekstraordinært formannskapsmøte i forkant av kommunestyremøte 11.12.2014.

Oppvekstsenter i Holvik

Orientering v/tjenesteleder Holvik barnehage Line Hodnefjell og tjenesteleder v/Holvik skule Line Dalelv.

Formannskapet ber administrasjonen lete etter gode løsninger for å løse dette på best mulig måte.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	27.11.2014	102/14

Endelig vedtak i: Formannskap	Arkivsaknr.: 14/1287	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
----------------------------------	-------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

27.11.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

F-102/14

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 20.11.2014 ligger i Politikerportalen og på kommunens hjemmeside.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	27.11.2014	103/14

Endelig vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 14/1286	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
---	--------------------------------	---

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

27.11.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

Votering

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

F-103/14

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/12667	I 05.11.2014	Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartem	Høring - forslag til endringer i lov om interkommunale selskap
2	14/12147	I 22.10.2014	Fjordly Barnehage	Søknad om underskuddsgaranti til Fjordly barnehage
3	14/12169	I 26.10.2014	Selje kommune	Oppseining av samarbeidsavtale norskopplæring frå 01.01.2015
4	14/12784	I 10.11.2014	Gloppen kommune	Kommunereforma: Gloppen kommune sitt oppstartingsvedtak i Kommunestyre 03.11.2014

5	14/12759	I	19.06.2014	Nordfjordhallen Drift AS	Styreprotokoll fra ekstraordinær generalforsamling Nordfjordhallen 19.06.2014
6	14/12618	I	07.11.2014	Furene AS	Eigarmøte 2/14 - Furene AS 2013 - 08.12.2014 kl 1400
7	14/13052	I	14.11.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Invitasjon - møte om tare i Florø 11.12.2014
8	14/13064	U	17.11.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Svar på invitasjon - møte om tare i Florø 11.12.2014



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	27.11.2014	104/14

Endelig vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 13/398	Saksansvarlig: Finnur Smari Kristinsson
---	-------------------------------	---

Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø

Rådmannens innstilling

Vågsøy kommune opprettheld utsendt gebyrkrav på kr. 12.000,- i sak 13/398, faktura 81315713. Klagen vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

27.11.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Formannskapet diskuterte saken.

Venstre v/repr. Edvard Iversen fremmet følgende utsettingsforslag:

«Formannskapet ber om at saken utsettes. Formannskapet ber rådmann ta saken opp til ny vurdering og se på konsekvenser i lignende saker.»

Votering

Formannskapet voterte over utsettingsforslaget fra Venstre v/repr. Edvard Iversen.

Utsettingsforslaget enstemmig vedtatt.

F-104/14

Vedtak:

Formannskapet ber om at saken utsettes. Formannskapet ber rådmann ta saken opp til ny vurdering og se på konsekvenser i lignende saker.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova

Forvaltningslova

Arealdelen til Kommuneplanen 2002-2014

Hamne- og farvasslova

Naturmangfaldlova

Statlege planretningsliner

Bakgrunn for saka

Familien Humborstad søkte om løyve til eit mindre tiltak i strandsona. I arealdelen til kommuneplanen er dette eit LNF- område. Søknaden kravde difor uttale frå miljøvernavingdelinga til Fylkesmannen før handsaming i kommunen. Miljøvernavingdelinga til Fylkesmannen hadde ikkje merknader til tiltaket (dei svarte ikkje på oversendinga til kommunen).

Dispensasjon og løyve vart gitt 16.01.2014 og deretter sendte kommunen ut ein faktura i samsvar med gebyrregulativet for 2013, fordi søknaden var datert dette året.

Søkjær klagar på avslag på søknad om reduksjon av storleiken til fakturaen.

Saksopplysningar / fakta

Dispensasjon og byggjeløyve er datert 16.01.2014. Saman med løyvet vart det sendt med orientering om klagerett.

Kommunen sendte ein faktura på kr 12.000,- etter gebyrregulativet frå 2013.

Søkjær klagar på storleiken på fakturaen i brev datert 23.02.2013. Årstalet må vere feil og skal vere 2014. Kommunen oppfattar dette brevet som ein søknad om fritak/reduksjon i gebyret.

Om klage eller søknad om fritak/reduksjon på gebyr

Det avgjerande for om det er klagerett på gebyr eller ikkje, er om det er tale om eit enkeltvedtak – ei sjølvstendig avgjerd. Der storleiken på gebyret følgjer «automatisk» av faste satsar frå standardisert regulativ, eller ei heilt mekanisk utrekning ut frå standardsatsar i regulativ, er det ikkje tale om avgjerd. Det er då ikkje eit enkeltvedtak, og det er ikkje klagerett.

Motsett dersom utmålinga av gebyret krev skjønn/sjølvstendig sakshandsaming: I tilfelle der vedtak om gebyrfastsetting m.a. er eit resultat av individuell vurdering ovanfor den einskilde gebyrpliktige, vil det derimot vere eit enkeltvedtak som kan påklagast etter fvl § 28 første ledd, jf også pkt 2 d) i Lovavdelinga sin uttale frå 1989. Det same gjeld dersom gebyrforskrifta gir forvaltninga heimel til av eige tiltak å nedsette eller frita frå gebyret ut frå ei vurdering av kva som er rimeleg storleik på gebyret.

Gjeldande gebyrregulativ har ikkje føresegner om lemping/fritak på grunn av «klart urimelege gebyr».

I førearbeida til lova er det såleis sagt at det ikkje er klagerett på sjølve gebyret. Dersom nokon derimot søker om fritak/reduksjon, må kommunen alltid ta stilling til ein slik søknad. Forenkla sagt er det ikkje høve til å klage på at det er gjeve gebyr, men ein kan søkje om fritak. Dersom kommunen etter ei konkret vurdering kjem til at det ikkje er grunnlag for å gje fritak, er det rett til å klage på avslaget:

NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslovgivning II, punkt 27.4.7 Klage over gebyr
Fastsettelse av det kommunale gebyrregulativet følger reglene i forvaltningsloven §§ 37-39 om fastsettelse av forskrifter. Den enkelte gebyrfastsettelse kan ikke påklages, men det er mulig å søke om nedsettelse av gebyret. Kommunens standpunkt til denne søknaden blir å regne som et enkeltvedtak i forvaltningslovens forstand, jf. § 2 første ledd b), og kan påklages. Departementet er klageinstans, men myndigheten er delegert til fylkesmannen.

Forvaltningslova har reglar for handsaming av klager som er innkomne etter at klagefristen er gått ut.

§ 31.(oversitting av klagefristen).

Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframnt

- a)parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller
- b)det av særlege grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtaket ble truffet.

Søknaden om fritak/reduksjon i gebyret vart handsama i brev frå kommunen datert 17.03.2014. Kommunen avviser fritak/reduksjon med grunngjeving i at godkjent gebyrregulativ må følgjast og at sakshandsamar ikkje kan fråvike dette.

Som vedlegg til dette enkeltvedtaket vart det lagt ved orientering om høve til å klage.

7. juli 2014 mottar kommunen klage på vedtaket av 17.03.

Klage på avslag på søknad om fritak/reduksjon i gebyret vart lagt fram for Formannskapet i møte 11.09.2014 i sak 072/14. Klaga vart då avvist på grunn av at var innsendt etter at fristen for å klage var gått ut. Vedtaket vart ved ein feil sendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vurdering / konsekvensar

Det viser seg i ettertid at det har vort kontakt mellom sækjar, rådmann og ordfører i saka. Rådmannen har stadfesta dette skriftleg i brev datert 17.09.2014. Sakshandsamar i kommunen saman med tenesteleiar er og gjort kjent med dette i epost av 18.09. Grunnlaget for å avslå klagen fordi den kom for seint inn er difor ikkje rett, men det var ikkje kjent på det tidspunktet saka vart lagt fram for formannskapet (11.09.2014).

Sjølv om sækjar har sendt inn klage for seint i forhold til klagefristen vert likevel klagen lagt fram for handsaming. Klagen kan takast opp til handsaming dersom det av særlege grunnar er rimeleg at klagen vert prøvd eller om parten ikkje kan lastast for å ha sendt inn for sein klage. Med bakgrunn i at det er avtalt at kommunen skulle handsame klage på avslag om fritak/reduksjon i gebyret vert det gitt fristoppreisning, jf. fvl. § 31.

Klage datert 23.02.14 er oppfatta som søknad om fritak/reduksjon av gebyret. Vedtaket 17.03.2014, der kommunen opprettheld gebyrkravet vert påklagd i klage datert 07.07.2014. Bakgrunnen for klagen er at storleiken på gebyret er urimeleg høgt for eit lite tiltak, samt at sækjar ikkje fekk opplyst at saka måtte til fylkesmannen for uttale. Sækjar viser og til at storleiken på gebyret straffar dei som sækjer medan andre aldri sækjer.

Vurdering av klage på avslag om fritak/reduksjon i storleiken på gebyr:

Storleiken på gebyret er ikkje avhengig av storleiken på tiltaket, men av sakstypen og krav til sakshandsaming. Det er ikkje standard rutine å sende brev om kva gebyr kommunen krev for handsaming av søknaden. Sækjar har heller ikkje retta spørsmål til kommunen om kva kostnaden for søknaden var. Dersom sækjar hadde stilt dette spørsmålet før han søkte eller i søknaden ville kommunen opplyst kva gebyret var. På nettsidene til kommunen ligg gjeldande gebyrregulativ, både under «Informasjon» på startside til kommunen og under artikkelen «Prosessen i bygge- og delingssaker». I løyvet er det vist til at søknadsplichtige tiltak vert gebyrlagt i samsvar med gebyrregulativet. Gebyrregulativet er kvart år lagt ut til offentleg ettersyn og vert vedteke årleg. Gebyra er ikkje utforma for å straffe dei som sækjer. Storleiken på gebyret er berekna ut frå kva gjennomsnittleg tidsbruk det er ved handsaming av ulike saker. I denne saka er det ikkje gått med mindre tid enn det som er lagt til grunn for gebyrstorleiken. Grunnlaget for handsaming av ein søknad om dispensasjon som skal på høyring er ein gjennomsnittleg tidsbruk på om lag 15 timar. Tidsbruken i denne saka er langt over 15 timar.

Byggesak utfylling 1,0 STK kr. 2 600,00

Dispensasjonssøknad på høyring 1,0 STK kr. 9 400,00

Klage på/ søknad om reduksjon i gebyr blir utifrå denne samla vurderinga avslått.

Nye dokument

Etter at kommunen fekk brev frå fylkesmannen datert 24.09.2014 ref. 2014/3476-331.4 har søkjar kome med nytt innspel/ klage som er vedlagt til orientering. Ny klage er datert 8. oktober 2014. Klagen er ein gjennomgang av saka, og det er vedlagt kopi av e-postar til fleire involverte partar datert 09.10. som m.a. fylkesmannen har stadfesta er mottatt og journalført. Klagen er ein klage på vedtaket formannskapet gjorde i møte den 11.09.2014. Det vert i klagen vist til dei to tidlegare klagene. Ny klage grunnir kvifor søkjar ikkje klaga innan fristen. I brevet vert det uttalt at kommunen ved rådmann og ordfører har uttalt at dei ikkje skulle klage på vedtaket kommunen gjorde i brev datert 17.03.2014. Klagen kjem ikkje med nye argument for fritak eller reduksjon i storleiken på gebyret.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
110949	Søknad om utfylling til flomål gbnr: 101/3
110950	Tillatelse fra Nordfjord Havn
110951	Bilder
120021	Tiltak gbnr: 101/3 - Utfylling i sjø. Nye opplysninger
129980	Tillatelse til tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø
132423	Faktura for tillatelse til tiltak gbnr 101/3
133120	Klage byggesak strandlinje.doc
135011	Klage på faktura 81315713 Byggesaksbehandling - Avslag
144516	Klage på gebyr ved byggesak - gbnr. 101/3
144634	Klage på gebyr ved byggesak på gbnr. 101/3
147806	Vedr. henvendelse på saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
148413	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø, klage på storleik på gebyr, oversending til fylkesmannen for endeleg avgjerd
148431	Vedr. henvendelse på saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
148914	Vågsøy kommune - klage på gebyr for handsaming av tiltak på gbnr 101/3
149955	Klage på avslag på søknad om redusert gebyr for tiltak på gbnr 101/3
149957	Diverse e-post korrespondanse med fylkesmann og kommune.

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	22.02.2013	Nordfjord Havn IKS	Tillatelse til tiltak gbnr: 101/3 - Utfylling til badestrand
2	U	28.02.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - utfylling til badestrand
3	U	03.04.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - utfylling til badestrand. Avslag
4	I	08.05.2013	Ole Petter Humborstad	Søknad om utfylling til flomål gbnr: 101/3
5	I	18.08.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - Utfylling i sjø. Nye opplysninger
6	U	20.08.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Miljøvernavingdelinga	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø. Anmodning om høringsuttalelse.
7	U	20.08.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø - Utvidet søknad
8	U	05.12.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø - Anmodning om tilleggsopplysninger
10	U	31.12.2013	Ole Petter Humborstad	Faktura for tillatelse til tiltak gbnr 101/3
9	U	16.01.2014	Ole Petter Humborstad	Tillatelse til tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø
11	I	23.02.2014	Ole Petter Humborstad	Klage på gebyr ved byggesak, gbnr 101/3
12	U	17.03.2014	Ole Petter Humborstad	Klage på faktura 81315713 Byggesaksbehandling - Avslag
22	I	17.04.2014	Ole Petter Humborstad	Nabovarsel tiltak gbnr 101/3 - mindre utfylling i sjø
13	I	07.07.2014	Randi Humborstad	Klage på gebyr ved byggesak - gbnr. 101/3
15	U	09.07.2014	Randi Humborstad	Foreløpig svar på klage datert 07.07.2014 på gebyr ved byggesak - gbnr. 101/3
16	U	17.09.2014	Randi Humborstad	Vedr. henvendelse på saksutredning i sak 66/14 i formannskapet

18	I	18.09.2014	Randi Humborstad	Vedr. henvendelse på saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
17	U	18.09.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø, klage på storleik på gebyr, oversending til fylkesmannen for endeleg avgjerd
19	I	18.09.2014	Randi Humborstad	Henvendelse vedr. saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
20	I	24.09.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Vågsøy kommune - klage på gebyr for handsaming av tiltak på gbnr 101/3
21	I	08.10.2014	Randi Humborstad	Klage på avslag på søknad om redusert gebyr for tiltak på gbnr 101/3



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	24.11.2014	032/14
Formannskap	27.11.2014	105/14
Kommunestyre	11.12.2014	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 13/573	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
---	-------------------------------	--

Nordfjord legevakt - utvida opningstid og endring av vaktordning

Rådmannen si innstilling

- 1.Vågsøy kommune vedtek utvida opningstider og ny vaktplan for NLV slik det går fram av saksutgreiing punkt 1..
- 2.Fastlønn på alle vakter vert lagt til grunn for nytt system for lønn for ved NLV slik det går fram av punkt 2 i saksutgreiinga Ordninga vert sett i verk frå 2. februar 2015.

24.11.2014 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Ordfører Morten A. Hagen orienterte.

Helse- og omsorgsutvalget fremmet følgende tilleggspunkt til rådmannens innstilling:

«3.Vågsøy kommunestyre ønsker ei årlig evaluering.»

Votering

Det ble først votert over tilleggspunkt fremmet av Helse- og omsorgsutvalget. Dette ble enstemmig vedtatt.

Det ble så votert over rådmannens innstilling med tilleggspunkt. Dette ble enstemmig vedtatt.

HS-032/14

Vedtak:

- 1.Vågsøy kommune vedtek utvida opningstider og ny vaktplan for NLV slik det går fram av saksutgreiing punkt 1..
- 2.Fastlønn på alle vakter vert lagt til grunn for nytt system for lønn for ved NLV slik det går fram av punkt 2 i saksutgreiinga Ordninga vert sett i verk frå 2. februar 2015.
- 3.Vågsøy kommunestyre ønsker ei årlig evaluering.

27.11.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Oppvekst- og kulturutvalgets innstilling til vedtak enstemmig vedtatt.

F-105/14

Vedtak:

- 1.Vågsøy kommune vedtek utvida opningstider og ny vaktplan for NLV slik det går fram av saksutgreiing punkt 1.
- 2.Fastlønn på alle vakter vert lagt til grunn for nytt system for lønn for ved NLV slik det går fram av punkt 2 i saksutgreiinga Ordninga vert sett i verk frå 2. februar 2015.
- 3.Vågsøy kommunestyre ønsker ei årlig evaluering.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

- SFS 2305 , tariffavtale mellom KS og DNLF
- Framlegg til ny akutforskrift.
- Akuttutvalet sin delrapport til helse og omsorgsdepartementet av 31/10-14.
- Delavtale mellom kommunane og Helse Førde «Samarbeid om den akuttmedisinske kjede»

Bakgrunn for saka

Framlegg til ny akutforskrift gjev behov for endring i legevaktorganisering, Det kjem nye kompetansekrav og auka krav til opplæring og kursing av legar i vakt.

Ny tariffavtale gjev legar rett til å nekte lengre vakter enn 9 timar. Det fører til at ein må dele opp lange vakter i helgane , fleire legar må inn på kvar helg.

Akuttutvalet sin rapport av 31/10-14, gjev sterke signal om meir ordna arbeidstid for fastlegar, den totale arbeidstid med vakt skal utgjere ei normal arbeidsveke, framlegg om overgang til fastlønn i legevakt, meir støtte til legar på arbeid i vakt.

Stort trykk på legevakt laurdag og søndag og behov for fast tilsyn med interkommunale akuttsenger på laurdag og søndag gjev behov for to legar på vakt delar av dagvakta laurdag og søndag.

Fastlegeavtala stiller krav om legers ansvar i legevakt på kveld/ natt og helg.

Med kurativ verksemd på dagtid, lokal legevakt på ettermiddag/ kveld og interkommunal legevakt på natt/ helg opplevast vaktbelastninga for den einskilde fastlege som særskilt krevjande over tid.

Spesielt dei yngste nyutdanna legane oppleve ei stor belastning med mange vakter og eit stort ansvar åleine på vakt på ettermiddag/kveldstid.

Det er no tid for å vurdere nye måtar og organisere legevakt i kommunen /regionen på med tanke på å behalde faglege gode og kjende legar i kommunen.

Tal pasientar som nyttar den kommunale legevakta på kveldstid ligg på mellom 3-4 pasientar pr. vakt pr kommune.

For Nordfjordkommunane samle ca 12 pasientar pr. vakt.

For desse pasientane vil det vere ein ulempe at ein må reise til Eid på kveldstid.

Det er rekna at ca 30 % av dette kan dekkast av fastlegar på dagtid . Ein står då att med 8-9 konsultasjonar på NLV på kveldsvakter. Dette er noko usikkert, berre erfaring vil gje svar på omfanget totalt for NLV:

Saksopplysningar / fakta

Stabilitet i fastlegekorpset i Nordfjord er særst viktig for gode kommunale helsetenester og godt tverrfagleg samarbeid internt i kommunane. Det vil også gje godt og stabilt samarbeid med spesialist helsetenesta.

Det siste året har den interkommunale legevakta for Nordfjord (Vågsøy, Selje, Eid, Stryn og Hornindal) gjennomført eit prøveprosjekt med innleie av eksterne vikarlegar i legevakta i kombinasjon med kommunane sine fastlegar. Dette har vore eit prosjekt kommunane valde å prøve ut for å avlaste fastlegane i Nordfjord i.f.t. vaktbelastning og for å etablere ei tilsynslegeordning knytt til oppretting av KAD sengeplassar.

Legevakt med innleie av vikarlegar som ikkje er kjende med legevakta, prosedyre, rutine og geografi har vist seg å ikkje vere eit fullgodt alternativ til kommunanes eigne fastlegar som har erfaring og kunnskap til både legevakt/sjukehus, innbyggjarar og region/geografi. Fastlegane gjev også utrykk for at prøveordninga har gjeve god avlasting frå vaktarbeid, men den prøveordninga som har vore har ikkje vore fagleg god nok.

Fastlegane har i følgje fastlegeavtalen rett til fritak frå legevakt etter fylte 60 år. Mange fastlegar i Nordfjord har oppnådd denne alderen og har fritak frå vakt. Dei yngre legane ynskjer ei arbeidsplan som dei kan kombinere med fritids- og familieliv.

Styringsgruppa for NLV (Nordfjord legevakt) har vurdert ulike alternativ og hatt forhandlingar med tillitsvalde for legane. Dei har saman kome til at felles interkommunal legevakt for Nordfjordkommunane med fastlegar i vakt frå kl. 16.00 på kvardagar og i helg vil gje mindre vaktbelastning for den einskilde lege, samstundes som innbyggjarane vil verte møtt av kjende legar i legevakta. Ein har von om at dette igjen vil gje stabile fastlegar i Nordfjord.

1. Gjeldande organisering:

Lokale vakter i kommunane på dagtid

Måndag til fredag mellom kl 16.00 til kl 22.00.(heimevakt, beredskap)

Vakter NLV: Alle dager på natt mellom kl 22.00 og kl 0800.

Helg og høgtid: Frå kl 08.00 til kl 22.00 (i tillegg nattvakt)

Ekstra dagvakt på 5 timar helg og høgtid.

Alle vakter som tilstadevakt, frå 5 timar lange vakter til maksimalt 24 timars vakt.

Totalt er det samla mellom 27 og 31 vakter pr veke som skal gjennomførast av fastlegane.

Framlegg til ny organisering vaktplan:

Lokale vakter i kommunane på dagtid

Ikkje lokale vakter i kommunane etter kl 16.00

Gjev ein samla reduksjon på 15 vakter pr veke.

Vakter NLV :

Kveldsvakt vekedagar: frå kl 16.00 til kl 23.00
Nattevakt: frå kl 23.00 til kl 08.00 alle dagar
Helg og høgtid: Dagvakt frå 08.00 til 17.00
Kveldsvakt frå kl 14.00 til kl 23.00.(overlapp knytt til tilsyn KAD og betre kapasitet midt på dag)

Totalt vert det samla 16 vakter , som kan reduserast til 9 vakter pr veke ved å slå saman kveld og natt.(kan ikkje påleggast, må vere etter avtale, ingen vakter skal vere lengre enn 18 timar inkludert natt)

2. Gjeldande system for avlønning:

Lokale vakter i kommunane :

Heimevakt med beredskapsgodtgjering på kr 97,5 pr time. I tillegg kjem eigenbetaling og refusjon frå Helfo. Ca 3 konsultasjonar pr vakt distrikt pr vakt. Samla ca 12 konsultasjonar i Nordfjord.

Nordfjord legevakt:

NLV på natt. Fastlønn på natt, etter satsar i SFS 2305

NLV på dag helg og høgtid.; Tilstadevakt med beredskapslønn + inntekt frå pasientbetaling og refusjonar frå Helfo.(krev stor grad av administrasjon / fordeling av eigenbetaling og innsending av krav på alle legane.)

Framlegg til nytt system .

Fastlønn på alle vakter i NLV.

Lønn på natt : Følgjer satsar i SFS 2305, same som i gjeldande ordning.

Fastlønn på kveld og helg og høgtid: Ikkje regulert i sentral avtale, krev lokale avtaler.

Lokal avtale er forhandla fram mellom vertskommune/styringsgruppe for legevakta og tillitsvalde for legane. Avtalen gjelde frå ein startar opp nytt system med evaluering etter eit års prøvetid. Satsar tek utgangspunkt i andre avtaler som er forhandla fram i andre interkommunale legevakter(Nordhordland og Sunnhordland) Satsane som er forhandla fram ligg høgare enn i Sunnhordland og lågare enn i Nordhordland.

Partane har kome til semje om følgjande satsar for timelønn i Nordfjord legevakt:

Kvardagar, laurdag og søndag

kr. 600 pr time for turnuslege
Kr. 850 pr time for lege
Kr 1100 pr time for legespesialist.

Beveglege helgedager

kr. 650 pr time for turnuslege
Kr. 900 pr time for lege
Kr 1150 pr time for legespesialist.

Økonomiske konsekvensar:

I budsjett for 2015 i NLV er ramma for lønn og godtgjering på ca 3,5 mill kroner, inkludert sosiale utgifter.

I gjeldande ordning har kvar kommune i tillegg kostnader knytt til beredskapslønn i vekedagar mellom kl 16.00 og 22.00. Samla utgjør dette ca. kr. 720.000 inkl arbeidsgjevaravgift og feriepengar.

I tillegg er pasientbetaling og refusjonar Helfo som før gjekk direkte inn som inntekt til legane, ført som inntekt til NLV. Desse inntektene er med i grunnlag for kostnader knytt til ei fastlønnsordning. Samla utgjør desse inntektene ca. kr 2,0 mill kroner. Det er då lagt til grunn eit gjennomsnitt på 8 pasientar på kveldsvakter og 20 pasientar på dagvakt helg og høgtid.

Gjennomsnittleg refusjon /eigenbetaling er berekna til kr 480 pr konsultasjon..

Desse to postane er lagt inn som grunnlag fastlønn på ny vaktordning. Framlegg til ny vaktordning inkluderer tilsyn på KAD både på helg og kveldsvakter.

I gjeldande ordning er det ca kr 600.000,- som ligg inne i netto kostnad på 3,5 mill (timelønn dagvakt helg og høgtid, samt beredskap på kveld)

Slik styringsgruppa vurderer dette, vil ein med føresetnader over, kome ut med om lag same samla kostnad for kommunane i gjeldande og ny ordning. Det er noko usikkerhet knytt til antall pasientar, men det vil ikkje gje store utslag for kommunane samla. Det er lagt inn ein reduksjon i totale konsultasjonar på kveld på ca 35 % i forhold til dei 12 som i gjennomsnitt oppsøker lege på kveld.

Vurdering / konsekvensar

Framlegg til ny organisering er tilpassa nye krav til vaktlengde i tariffavtalen. Det er eit system som gjev mindre total vaktbelasting på legekorpset i Nordfjord. Kortare vakter på helg aukar den faglege kvaliteten på tenestene. Forutsigbar lønn vil stimulere dei mest erfarne legane og best kvalifiserte legane til aktive vakter, i tråd med framlegg til krav i ny akuttforskrift. Ordninga vil stimulere legar som kjenner kommunane godt og som har grunnleggande kunnskap om samarbeidsrutinar med helseforetak og ambulanse til vaktarbeid.

Ordninga må kombinerast med strenge reglar for fritak for vakt (berre søknader med dekning i regelverk i fastlegeforskrift) og jamn fordeling av ansvar mellom kommunar. Økonomisk vil det ikkje verte store utslag i forhold til dei totale kostnadene med dagens ordning. Det er usikkerhet knytt til tal pasientar til NLV på kveldsvakter på vekedagar som kan påverke dei økonomiske utslaga for ny ordning.

Fast tilsyn med KAD senger på helg og akutt tilsyn på kveld vil verte godt ivareteke gjennom ny vaktplan og med kjende legar. Det kan og føre til at ein stimulerer fastlegar til auka bruk av KAD sengane.

Ulempene med ordninga er lengre reisetid for eit lite tal pasientar på kveldstid . Fastlegar må planlegge praksis slik at dei kan gje akutthjelp til sine listepasientar.

Styringsgruppa for NLV vil tilrå at ein vedtek utvida opningstid på NLV og at framlegg til fast lønn på alle vakter vert gjennomført.

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	27.03.2013	Stryn kommune	Ny driftsmodell for Nordfjord legevakt
2	I	27.03.2013	Stryn kommune	Godkjenning av endra kostnader knytt til Nordfjord legevaktsentral frå 2013
3	I	03.05.2013	Hornindal kommune	Melding om vedtak - Nordfjord legevakt - ny driftsmodell
4	I	16.09.2013	KS Forhandling	Spørreundersøkelse fra KS om legevakt
6	I	20.09.2013	Eid kommune	Kopi av Budsjett ansvar 3210 for 2014, interkommunale tenester 3
5	I	25.09.2013	Eid kommune	Legevaktturnus frå 03.10.2013



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	25.11.2014	049/14
Formannskap	27.11.2014	106/14
Kommunestyre	11.12.2014	

Endeleg vedtak i: Oppvekst- og kulturutval	Arkivsaknr.: 13/1059	Saksansvarleg: Frode Weltzien
---	-------------------------	----------------------------------

Midlertidige skulelokale for Vågsøy Ungdomsskule

Rådmannen si innstilling

Kommunestyret gjev Rådmannen fullmakt til å innhente prisar og til å arbeide vidare med midlertidig løysing i form av modulbygg på Tennebø.

25.11.2014 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Kommunalsjef Ove Aksnes, ordfører Morten A. Hagen, økonomisjef Norvall Bakke og tjenesteleder Kåre Bakke orienterte.

Sp v/repr. Marit Nore Sørhaug fremmet følgende forslag til punkt 2 til rådmannens innstilling:

«2. Det må kome fram i innstillinga om dette dreiar seg om rehabilitering eller nybygg. Anbudsinnyddelse må kome fram».

Votering

Det ble først votert over forslag til punkt 2 fremmet av Senterpartiet. Forslaget falt med 6 stemmer. Det ble deretter votert over rådmannens innstilling. Denne ble enstemmig vedtatt.

OK-049/14

Vedtak:

Kommunestyret gjev Rådmannen fullmakt til å innhente prisar og til å arbeide vidare med midlertidig løysing i form av modulbygg på Tennebø.

27.11.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Oppvekst- og kulturutvalgets innstilling til vedtak enstemmig vedtatt.

F-106/14

Vedtak:

Kommunestyret gjev Rådmannen fullmakt til å innhente prisar og til å arbeide vidare med midlertidig løysing i form av modulbygg på Tennebo.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Opplæringslova Kapittel 2, § 2-1 , Kapittel 7, Kapittel 8, § 8-1 og Kapittel 9A.

Bakgrunn for saka

Vågsøy Ungdomsskule skal ombyggast /rehabiliterast over ei planlagt to-årsperiode som er lagt opp mot skuleåra 2015/16 og 2016/17.

For å kunne realisere dette går ein ut ifrå at alle elevar ved Vågsøy Ungdomsskule må bort frå eksisterande bygningsmasse. Kommunen må finne alternative løysingar til passande lokale, slik at alle elevane får ei så tilnærma god og lovmessig undervisning, og eit så godt psykososialt miljø som mogeleg i rehabiliterings-/byggeperioden.

Saksopplysningar / fakta

Kort samanfating om tenkt byggeprosess og framdriftsplaner:

Tre totalentreprenørar er prekvalifiserte:

Veidekke Entreprenør AS

Hent AS

Skanska Norge AS

Innlevering av tilbod er 02.02.2015, men dei har allereie søkt om 3 veker forlenga frist. Det kan bety innlevering den 23.02.2015.

Mars 2015 går med til forhandlings-/kontraktarbeid..

I april og mai må den utvalte entreprenør teikne ut prosjektet.

Slutten av juni 2015, når eksamen er ferdig, er tenkt byggestart.

Tidlig i august-2015 må midlertidig lokale være på plass, slik at alt er klart til skolestart i august.

Byggetid er antatt til 24 månader.

Ny rehabilitert ungdomsskule er planlagt ferdig til 1. juni 2017, slik av vi kan bruke sommaren 2017 til å flytte inn i ny skule.

Alternativ til lokalisering i rehabilitering-/byggeperioden:

Administrasjonen har konsentrert seg om 3 ulike alternativ:

Det vert presisert at det på noverande tidspunkt ikkje har vore samtaler eller forhandlingar med nokon av eventuelt involverte partar i alternativ 3.

1. Lokalisering på Tennebø.

- a) Vågsøy kommunetek over lokale i Samfunnshallen som Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag leiger.

Dei lokala som er stilt til disposisjon gjev høve til i første omgang å plassere 8. trinn. Lokala under kantina i Samfunnshallen har MVS brukt til undervisning fram til 2004. Dei blir i dag bare brukt under eksamen, men det kan Vågsøy kommune tilby å avvikle i Samfunnshallen.

Lokale består av:

- 2 klasserom med eit grupperom i mellom.
- I bakkant et stort klasserom utan vindaug. Her må en ha ekstra belysning og søke om dispensasjon for midlertidige undervisningslokale.
- I bakkant to ekstra grupperom.
- I fotballhallen kan to grupperom brukast til kontor.
- Nordfjordhallen kan nyttast til ulike aktiviteter. Der er ledig tid.
- Skavøypoll stadion kan leies til ulike uteaktivitet. Har egen garderobe.
- Ved Skavøypoll stadion er der også egen ballbinge.

VUS vil i bygge/rehabiliteringsfasa i følgje rektor ha eit samla arealbehov på 1505 m2.

Held ein dette opp mot alternativ 1, vil eit sitje att med eit ekstra arealbehov på 1130 m2.

Romtype	areal	antal	Sum areal	på MVS	Behov
Klasserom	65	9	585	195	390
Grupperom	20	9	180	60	120
Ekspedisjon	20	1	20	0	20
Administrasjon	20	3	60	0	60
Arbeidsrom	60	3	180	0	180
Lager	60	1	60	0	60
Lager	30	3	90	0	90
Kunst og Handverk	65	2	65	0	65
Lager kunst/hand	25	1	60	0	60
Mat og Helse	60	1	60	60	0
Naturfag	60	1	60	60	0
Musikk	60	1	60	0	60
			1505	375	1130
Datarom ?					

Kunst og handverk kan ikkje sambrukast med MVS.
Mat og helse kan ikkje låne på MVS. Usikkert på Skavøypoll skule.

Naturfag ok.
Musikk kan bruke areal på MVS.

I tillegg er det behov for areal til elev med store hjelpebehov.

Førebels vurdering av lokala:

Klasserom:

Der er nok plass til ett klassetrinn i lokala under kantinen i Samfunnshallen. Det vil kreve nøye planlegging på klassestorleik. Verneombudet har vore med på synfaring. Truleg må vi ha dispensasjon frå Arbeidstilsynet på lys og ventilasjon og gjere noko med lydforholda mellom klasseroma.

Personalet er klare på at romma må oppgraderast med tanke på lydisolering og lys-/ventilasjonsforhold.

- b) Vidare må vi fylle ut eksisterande parkeringsplass, slik at vi kan plassere eit modulbygg på utfyllt areal.

Her tenkjer vi å ha undervisning for i første omgang 9. og 10. klasse.

Modulbygga kan kjøpast eller leigast. Eventuell framtidige behov i kommune må vere med i vurdering av om det bør vere leige eller kjøp av bygga. Kommunen vil parallelt med denne prosessen kunne få midlertidige rombehov ved ombygginga av Skavøypoll skule, og med tanke på framtidig restaurering og ombygging av skular, vil ei slik investering kanskje kunne gje positiv gevinst. Modulbygga har også ein andrehandsverdi. Leigekostnad for ein aktuell modulrigg, er stipulert til 5mNk for eit år.

- c) Det må settast opp og organiserast skuleskyss til og frå Tennebø.

2. Lokalisering Tennebø og Bryggja:

- a) Tilnæma som under 1a).

- b) Vi nyttar Bryggja skule og eventuelt deler av Bryggja Grendahus (om det skulle vere høve) til undervisning av i første omgang 9. og 10. klassetrinn.
Ei kartlegging av arealet ved Bryggja skule avdekker følgjande:

Lokala på skulen:

Kjeller: Sløydsal – her må alle benkane skiftast ut. Dei er tilpassa aldersgruppa og er for små for ungdomsskuleelevar. Der er heller ikkje det utstyret som trengst for å kunne oppfylle kompetansemåla i læreplanen etter 10. trinn.

Etasje 1: 3 store rom à 60 kvm
1 rom under 50 kvm
1 grupperom ca 20 kvm

Her er er det plass til 3 klasser + arbeidsrom til personalet + eit grupperom for elevbruk. Kun 1 toalett til kvart kjønn. Det eine store rommet er brukt som datarom.

Etasje 2: Her er eit stort klasserom (ca 60 kvm)

Eit skulekjøkken (60 kvm)
Eit mindre klasserom (under 50 kvm)
Arbeidsrom til 8 tilsette
Rektor sitt kontor
Møterom lite
Personalrom tilpassa bemanninga på Bryggja skule i dag.

